



Høgskolen i Telemark

Slutteksamen (60% endelig karakter)

i

3524 Examen philosophicum

(10 studiepoeng)

21.05.2010

Santa Barbara

Tidsrom: 3 timer

Målform: Bokmål/nynorsk

Sidetal: 2 + framside

Merknader: Studentane skriv ei oppgåve, anten oppgåve 1 eller oppgåve 2, der alle spørsmåla skal svarast på.

Eksamensresultata blir offentleggjort på StudentWeb via www.hit.no

Kom i hug kandidatnummer for kvar eksamen.



Avdeling for allmennvitenskaplege fag.



EXAMEN PHILOSOPHICUM -- BOKMÅL:

Enten:

Oppgave 1

Gjør rede for Humes teori om forholdet mellom inntrykk og ideer. Gjør så rede for empirismen i erkjennelsesteorien og forklar hva det er ved Humes teori som gjør den til en empiristisk teori. Hvilke forskjeller er det mellom Humes syn på våre ideer (forestillinger) og på kunnskapen og dens kilder generelt, på den ene side, og Descartes' syn på våre ideer (forestillinger) og på kunnskapens kilder, på den annen? Hvor mener Descartes at de av våre forestillinger som utgjør kunnskapens komponenter kommer fra? Hvilken posisjon i erkjennelsesteorien er det Descartes inntar med sitt syn på kunnskapen og dens kilder? Begrunn svarene.

eller:

Oppgave 2

Gjør rede for diskursetikken. Forklar så hvordan diskursetikken skiller seg fra deontologisk etikk (f.eks. Kants etikk) og fra utilitarismen (nytteetikken).

Skisser en diskursetisk tilnærming til problemstillingen om arrangerte ekteskap. Meninger om arrangerte ekteskap, en praksis blant muslimske innvandrere, er delte.

På den ene side mener bystyremedlem i Oslo, Athar Ali (Flerkulturell liste/RV) at arrangerte ekteskap kan aksepteres:

"Arrangert ekteskap er i det store og hele en god ordning, der to familier inngår en slags kontrakt. De to familiene skal da hjelpe og støtte hverandre og også fungere som rådgivere hvis det blir problemer i ekteskapet. . . For dere [nordmenn] virker det helt absurd at ekteskap skal være styrt av noe annet enn kjærlighet mellom to mennesker. Men det er faktisk bare en alternativ, kulturell måte å forholde seg til ekteskapsinngåelse på." (fra Aftenposten 17.10.99)

På den annen side tar Kvinnegruppa Ottar avstand fra arrangerte ekteskap:

"Å få velge seksual- og livspartner er en grunnleggende menneskerettighet. Ved å akseptere tvangsekteskap eller arrangerte ekteskap, nekter en kvinner retten til å bestemme over sitt eget liv. . . Denne formen for tvang og kontroll utsetter rettsløse kvinner for større fare for vold og overgrep. . . Vi har merket oss at overgrep mot kvinner har en tendens til å bortforklares med kultur, mens de overgrepene som rammer menn er tortur." (Fra Kvinnegruppa Ottars landsstyrevedtak 06.11.99)



EXAMEN PHILOSOPHICUM -- NYNORSK:

Anten:

Oppgåve 1

Gjer greie for Humes teori om forholdet mellom inntrykk og idear. Gjer så greie for empirismen i erkjenningssteorien og forklar kva det er ved Humes teori som gjer den til ein empiristisk teori. Kva for skilnader er det mellom Humes syn på våre idear (førestillingar) og på kunnskapen og kunnskapens kjelder generelt, på den eine sida, og Descartes' syn på våre idear (førestillingar) og på kunnskapens kjelder, på den andre sida? Kor meiner Descartes at dei av våre førestillingar som utgjør kunnskapens komponentar kjem frå? Kva for posisjon i erkjenningssteorien har Descartes med sitt syn på kunnskapen og kunnskapens kjelder? Grunnleggja svara.

eller:

Oppgåve 2

Gjer greie for diskursetikken. Forklar så korleis diskursetikken skil seg frå deontologisk etikk (t.d. Kants etikk) og frå utilitarismen (nytteetikken).

Skisser ei diskursetisk tilnærming til problemstillinga om arrangerte ekteskap. Meininger om arrangerte ekteskap, ein praksis blant muslimske innvandrarar, er delte.

På den eine sida meiner bystyremedlem i Oslo, Athar Ali (Flerkulturell liste/RV) at arrangerte ekteskap kan akseptast:

“Arrangert ekteskap er i det store og heile en god ordning, der to familier inngår en slags kontrakt. De to familiene skal da hjelpe og støtte hverandre og også fungere som rådgivere hvis det blir problemer i ekteskapet. . . For dere [nordmenn] virker det helt absurd at ekteskap skal være styrt av noe annet enn kjærlighet mellom to mennesker. Men det er faktisk bare en alternativ, kulturell måte å forholde seg til ekteskapsinngåelse på.” (frå Aftenposten 17.10.99)

På den andre sida tek Kvinnegruppa Ottar avstand frå arrangerte ekteskap:

“Å få velge seksual- og livspartner er en grunnleggende menneskerettighet. Ved å akseptere tvangsekteskap eller arrangerte ekteskap, nekter en kvinner retten til å bestemme over sitt eget liv. . . Denne formen for tvang og kontroll utsetter rettsløse kvinner for større fare for vold og overgrep. . . Vi har merket oss at overgrep mot kvinner har en tendens til å bortforklares med kultur, mens de overgrepene som rammer menn er tortur.” (Frå Kvinnegruppa Ottar sitt landsstyrevedtak 06.11.99)